

Tema i

Sogndal Studentbarnehage

2018/2019

Inkluderande leikemiljø

IBOS (inkluderande barnehage- og skulemiljø) er ei nasjonal satsing som «jobber med tema som læringsmiljø, forebygging, avdekking og håndtering av mobbing, samt regelverk, ledelse og organisasjonsutvikling.» (<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/eksterne-veiledere-laringsmiljoprojektet/>)

Sogndal kommune skal frå våren 2018 fram til hausten 2019 arbeida med temaet IBOS. (Plan for arbeid med inkluderande og barnhage- og skulemiljø i Sogn)

Sogndal studentbarnehage vil i år arbeida med temaet inkluderande leikemiljø . I følge rammeplan for barnehagar (2017) skal barnehagen fremja eit inkluderande og stimulerande miljø kor alle barn skal oppleve å bli sett og kan delta i lek. For at Sogndal studentbarnehage skal bidra til eit inkluderande leikemiljø vil me blant anna:

- Ha vennsapsveke (Sjå studentbarnvisa)
- Prosjektperiode frå 15.oktober i heile barnehagen. Tema: inkluderande leikemiljø
- Leikegrupper
- Få innspel frå foreldre på foreldremøte om temaet. (case)
- Samspelsmetoden dialog (sjå årsplan)
- Marte meo rettleiingsmetode (sjå årsplan)

Rammeplanen for barnehagar (2017, s.) seier at «miljøet skal støtte opp om lyst til å leke, utforske, lære og mestre», og barnehagen arbeidar på denne måten med å utvikle leikesoner i barnehagen med f.eks kuber med ulike tema, duplobord, ha tema som inspirerar til leik. Det er viktig at barnehagen legg til rette for at barna har reiskapar til å leike med, men og at den vaksne er til stades og støttar opp og hjelper barn i leik. Barn må øve opp dugleik i å opprette og holde på eit vennskap, og til dette treng barna hjelp til å utvikle ferdigheitene. Personalet må derfor vera tilstades der barna leikar for å hjelpe dei til å utvikle ferdigheiter i å inngå kompromiss, løyse konflikhtar, ta kontakt med andre på ein positiv måte, og kunne sjå viktigheita av å inkludera andre barn.

Arbeidsreiskap:

Småbarnsavdelinga vil arbeida med inkluderande leikemiljø gjennom å ha fokus på vaksenrolla i leiken. Dei vaksne må vere til stades på golvet for å kunne støtta barn til å oppretta og opprettholda positive relasjonar. Ein deler barnegruppa i aldersbestemte leikegrupper, har prosjekt om inkluderande leikemiljø, framhevar kvart enkelt i barn i samling, og har fokus på at alle er like viktige i vårt fellesskap.

Samspelsmetoden dialog

Dei tilsette arbeidar etter samspelsmetoden dialog som tek utgangspunkt i 7 prinsipp for godt samspel. Metoden søker ein positiv innfallsvinkel for å få stadig betre samspel i relasjonar mellom barn- barn, barn-voksen og vaksen-vaksen. Dei vaksne i barnehagen er eit viktig verkty i korleis ein kan oppnå gode relasjonar og eit godt leikemiljø for barna. (Sjå årsplan for meir info)

Leikegrupper.

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap. Å utvikle borna sin sosiale kompetanse er godt førebyggjande arbeid for borna si psykiske helse. Sosial kompetanse handlar m.a. om å kunne samhandla positivt med andre i ulike situasjonar, og motverke problemåtferd som diskriminering og mobbing. (sitat; Strategiplan Sogndal kommune)

Derfor vil barnehagen arbeida med temaet inkluderande barnehage og venskap kor ein deler i leikegrupper slik at borna skal ha betre mogelegheit til å danne og oppretthalda venskap. Her skal den vaksne vera med å hjelpe barna til å få i gong god leik og bidra til at borna aukar leikekompetanse som f.eks deling, innta roller, vise empati, turtaking ol. Det krev at den vaksne er observerande og deltakande, og er tilstades i leiken på golvet. Leikegrupper og temaet venskap vil derfor vera noko ein jobbar med gjennom heile barnehageåret.

Venskap motverkar mobbing, og vaksne har ansvaret for at alle barn skal bli inkluderte.(<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/voksne-skaper-vennskap/>) Derfor vil eit arbeid med temaet inkluderande leikemiljø gjennom fokus på venskap og leikegrupper vera eit ledd i å arbeida for eit inkluderande barnehagemiljø og forhindra mobbing.

Prosjektdagar

I haust vil me ha ein prosjektperiode der fokus er på inkluderande leikemiljø. Her vil heile barnehagen samarbeide og me lagar grupper på tvers av avdelingane. Aktivitetane i dei ulike gruppene vil vere drama, song og musikk, forming og utegruppe. Fokuset vil vera mestringsglede og samarbeid, fokus er å gleda andre, musikkgruppe med fokus på sangar om venskap, formingsgruppe med fokus på skapande aktivitetar og samarbeid mot eit felles venskapsbilete. Aktivitetane vil vere tilpassa barnas alder og modningsnivå. Aktivitetane vil vera både inne i barnehagen, ute i barnehagen, leikeklassen på Rutlin og i stien mot Trudvang. Sjå nærmare informasjon på vekeplan.

Aldersbestemte grupper

I mange tema og periodar vil det vere fornuftig at vi deler barnegruppa inn etter alder. Dette for at vi vaksne får ein moglegheit til å observera utviklinga til det einskilde barnet, og for å spesifikt stimulere kvar einskilt barn på det som kan vere ein utfordring. Når vi snakkar om aldersbestemt, tenker vi alle aldersgruppene; 1 åringar, 2 åringar, 3 åringar, 4 åringar og 5 åringar.

Det kan og vere fornuftig i periodar at barn på same alder får anledning til å leike saman og å få aktivitet som ein tenkjer er spesielt tilrettelagt for denne aldersgruppa.

Aktivitetar som vi kan velje med slik samansetting kan vere:

- Kafé- gjengen
- Førskulegruppe
- Eventyr - ulike eventyr tilpassa etter alder og modning
- Turar – storhallen(klatring for dei elste), ulvahaugen, leikeplassen på Rutlin, Trudvang, fjøresteinane, butikken mm.
- Fysisk aktivitet
- Leikegrupper
- Miljøagentar

Psykisk helse

Dette barnehageåret vil psykisk helse fortsatt vera eit satsingsområde i Sogndal kommune og regionen forøvrig. Satsingsområde er forankra i strategiplanen for Sogndal kommune (2013-2021).

<http://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/3715814.1687.rpyufpeycf/Regional+plan+psykisk+helse.pdf>

I strategiplanen omtalar ein «psykisk helse som ein positiv ressurs og legg vekt på at miljøet er ein avgjerande faktor i barn og unge si utvikling av psykisk helse. Sunn psykisk helse dannar grunnlaget for trivsel, læring og deltaking. Psykisk helse handlar om evna til å tola og handtera kvardagslivet si blanding av medgang og motgang, og til å fungera i samspel med andre» (ref. plan for psykisk helse s: 3)

Personalet vil ha fokus på å fremme fysisk og psykisk helse. Å gjera personalet medvitne på og auke den enkeltes kompetanse på dette området er viktig. Personalet skal vere ein trygg base for barna, og på denne måten skape god tilknytning. Personalet skal gjenkjenna å erfare situasjonar og gå inn og stimulere til god fysisk og psykisk helse. Dei vaksne skal vere medviten si vaksenrolle og dei skal vere rollemodellar i kvardagen. Det er viktig å ha det kjekt ilag og fokusera på mestringsglede hos den einskilde. Vi vil lage arbeidsplanar for å nå våre mål om å fremme god fysisk og psykisk helse. Planane våre skal spegla temaet. Vi vil freista å legge til rette for fysisk aktivitet både ute og inne i barnehagen.

Vi vil gjennom leik, både i formelle og uformelle situasjonar ha dette temaet med oss. Vi vil bruke Kari Lamer sin teori om korleis jobbe med “Sosial kompetanse”, og i tillegg jobbe med “Samspelmetoden Dialog” av Sigrid Hviding.

(Sjå desse dokumenta på nett). Nokre av personalet utdannar seg til marte meo terapeutar slik at dei ved hjelp av video rettleiar personalet i samspelsituasjonar. Målet er å auke kvaliteten på relasjon mellom barn og vaksne.

Fokus på godt samspel mellom born og vaksne vil vera med på å utvikle gode relasjonar mellom born og vaksne, og det vil kunne bidra til eit meir inkluderande barnhagemiljø og betre den psykisk helsa blant barn og unge.